

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 24. januar 2019

Tidspunkt: kl 1400 – 1630

Som medlemmer møtte: George Fulford, Håkon Vestnes, Edel K. Goksøyr, Margareth Leinebø, Truls Håbakk, Anne Holstad og Ole Andreas Sæther

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal, Rune Tarberg og Andrea Øien Sæverud

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr. S01/19 – S09/19

Vedtakssaker:

SAK NR S01/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S02/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 14. DESEMBER 2018

Vedtak, samr.:

Protokollen frå styremøtet 14. desember 2018 vart godkjend og signert.

SAK NR S03/19 SLUTTFØRING UTBYGGINGAR

Vedtak, samr.:

Styret vedtar at arbeidet med toppdekke, etc. på containertomta vår blir fullført innanfor eit budsjett på 1 700 000 kroner + mva. Resten av investeringa, 4 300 000 kroner + mva., går til finansiering av nedgravde løysingar, containerar og andre investeringar. Totalt låneopptak blir på 6 000 000 kroner. Saka om vanleg hall i staden for telt blir utsett inntil vidare.

SAK NR S04/19
NY FORSKRIFT VEDR. FORUREININGSSAKER

Vedtak, samr.:

1. Styret sluttar seg til administrasjonen sine synspunkt og forslag, som kan bidra til å løyse store utfordringar i det kommunale forureiningsansvaret.
2. Styret ber om at problemstillinga blir med i ny strategisk plan.
3. Styret ber om at det blir laga ei orienteringssak til neste møte i representantskapet. Saka skal omfatte ulike alternative løysingar m.o.t. ansvaret for arbeidet, samt kostnadsdekking for tenester som blir ytt.

SAK NR S05/19
INTENSJONSAVTALE BIOGASSANLEGG

Vedtak, samr.:

Styret vedtar at dagleg leiar arbeider vidare med saka og kan signere intensjonsavtala på vegne av SSR. Før endeleg vedtak om gjennomføring vil:

1. Styret på fritt grunnlag vurdere saka.
2. Selskapet / eigarkommunane også på fritt grunnlag vurdere eigarskap og vidare involvering i prosjektet.
3. Føresetnadene i punkt 1 og 2 skal presiserast overfor dei andre partane i intensjonsavtala.

SAK NR S06/19
FORSLAG TIL INTENSJONSAVTALE ETTERSORTERINGSANLEGG

Vedtak, samr.:

Styret er positive til at eit eventuelt ettersorteringsanlegg på Sunnmøre blir utgreidd, men p.g.a. manglande administrativ kapasitet kan ikkje selskapet delta i dette utgreiingsarbeidet. Når dette arbeidet er ferdig og det ligg på bordet eit ferdig forslag til mogleg organisering, finansiering og bygging av eit slikt anlegg, vil styret på fritt grunnlag vurdere dette. Uansett utfallet av dette kan selskapet melde si interesse m.o.t. å bli kundar på ettersorteringsanlegget når det står ferdig.

SAK NR S07/19
BØTESATSAR

Vedtak, samr.:

Styret vedtar dei føreslåtte sanksjonane ved gjentatt feilsortering, der sanksjonane er følgande:

1. Skriftleg åtvaring om at gjentakande feilsortering kan føre til straffegebyr.
2. Dersom sorteringa i dunken / dunkane ikkje betrar seg, vil det bli sendt ut ei bot på kr 400,- + mva. (kr 500,- inkl. mva.).
3. Ved gjentakande feilsortering (ikkje betring etter den første bota) / bevisst feilsortering, blir det sendt ut nye bøter på kr 800,- + mva. pr. gang (kr 1.000,- inkl. mva.).
4. Dobbeltsjekk om bøter kan ha mva. Bøtesatsar skal oppgivast u/mva.

SAK NR S08/19
STYREEVALUERING

Vedtak, samr.:

Styreleiar lagar eit samandrag av evalueringa. Samandraget blir sendt ut til styret og deretter til leiar i representantskapet og leiar i valgkomitéen.

Orienterings-/drøftingssak:

SAK NR S09/19
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg orienterte om følgande:

- Lønnstala pr. januar 2019.
- Status for byggeprosjekta.
- Status for selskapskontrollen.
- Status for innføring av fraksjonen matavfall.
- Hybridpensjon.
- Resultatet i 2018.

Vedtak, samr.:

Styret tok orienteringa til vitande, og ba om følgande vedr. hybridpensjon:
Styret vil ha ei utgreiing litt over tid, og denne må vere i samarbeid med tilsette sin organisasjon og KS Bedrift.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 24. januar 2019

George Fulford
styreleiar

Håkon Vestnes
nestleiar

Edel K. Goksøyr

Margareth Leinebø

Truls Håbakk

Anne Holstad

Ole Andreas Sæther

Einar Heimdal
dagleg leiar